

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leksvik

Emne: Beit og Bronn

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan,

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## Beit og bronn


Beit hjelpefor som også er nytta her i Leksvik er beit, og da helst beit av bjørk. Men beit har absolutt ikkje hatt så mykje å sei som hjelpefor som skavt.

Beit er som regel brukt berre om våren, og da helst når det var riktig stem værkrise. Når ein sankta beit gjikk ein gjerne fram som når ein sankta limeris eller lauva. Heile tre og greiner kunne bli køyed eller bori heim, men det var meir sjeldan. Når ein skar beit, brukte ein som regel tollekniiven eller "lauvokroken". "Lauvokroken" er ikkje anna enn ei skutt, smal og spiss sigd som er så mykje meir kroat enn sigda. Vanleg lauvkniv er ikkjend her. Beit vart brukt både til storfe og småfe, men storfeet nytta det best. Det vart gjerne gjevi

2  
kyrne som utflidd limens eller  
som greiner, og då åt dei det  
heilt til fingertjuka.

I ekstra reine vërar, og når  
det kjem snö eller det er vorti  
livberging erte til krötera, blir det  
enda brükt beit. Det er da ofte  
smått lauv på det, men det  
heiter likevel beit. Ordet brom er  
heilt ukjend her.

- 4 -



ES01  
Dette er vanleg skap på den  
"lauvknok" vi brukar her. Ridskapet  
blir gjerne gjort av gamle ljær.